

---

Saksnr: 2021/48285-1  
Saksbehandlar: Susan Kathinka Halvorsen  
Husabø

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		21.10.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		26.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

**Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule**

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget innfører ikkje ein garanti om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid
2. Dimensjonering av opplæringstilbodet skal så langt det lar seg gjere utgreie behov for elevplassar i kvart nærskuleområde og vise korleis flest moglege søkarar i eit nærskuleområde kan få tilbod om skuleplass
3. Ved behov for å auke elevplassar i eit område basert på elevprognosar, vil fylkesdirektøren vise korleis dette handsamast innanfor den gjeldande økonomiske ramma

## Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 9.3.21 at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti. Fylkesdirektøren legg her fram ny sak.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren la våren 2021 fram sak om reisetidsgaranti for søkarar til vidaregåande skule. Fylkestinget vedtok i møte 9.3.21 (PS- sak 5/2021) følgjande:

1. Fylkestinget tek saksutgreiinga til vitande.
2. Fylkestinget vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Fylkestinget sitt mål er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.
4. Fylkestinget legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Fylkesdirektøren legg med dette fram ny sak, men vil trekke trådane tilbake til saka som vart handsama våren 2021. Den førre [saksutgreiinga](#) er viktig bakgrunnsinformasjon. I arbeidet med lokal forskrift for inntak og formidling vart omgrepet reisetidsgaranti trekt fram i ein høyringsuttale som eksempel på tiltak for å motverke negative konsekvensar av geografiske avstandar i fylket og fritt skuleval som inntaksmodell. Fylkesdirektøren si vurdering av dette no er same som den gong:

Eit vedtak om skuleplass innanfor ein avgrensa reiseveg i tid (reisetidsgaranti) har berre verdi når det ikkje er fleire søkarar enn plassar på dei ulike utdanningsprogramma i dei aktuelle områda. Grunnen til at ein søkar får tilbod ved andre skular enn søkt er at dei ikkje konkurrerer seg inn ved skulane dei har søkt.

### Regulering av inntaket til vidaregåande opplæring

Inntaket til vidaregåande skule er regulert gjennom kapittel 6, Inntak til vidaregåande opplæring, i Forskrift til opplæringslova.

#### § 6-1a. *Fritt skuleval*

Fylkeskommunen skal ha fritt skuleval i fylket eller fritt skuleval innanfor fastsette inntaksområde. Fylkeskommunen kan fastsetje inntil seks inntaksområde.

Fritt skuleval i heile fylket inneber at søkjarane står fritt til å søkje om inntak til alle skular i det fylket dei har folkeregistrert adresse. Fritt skuleval innanfor fastsette inntaksområde inneber at søkjarane står fritt til å søkje om inntak til alle skular i eige inntaksområde. Dersom ønskt utdanningsprogram eller programområde ikkje finst i eige inntaksområde, skal søkjaren kunne søkje på ein skole i eit anna inntaksområde i fylket.

- 0 Tilføyd ved forskrift [28 juni 2021 nr. 2234](#) (i kraft 1 juli 2021 med virkning fra og med opptaket til skoleåret 2022-2023).

#### *Vilkår for inntak til vg1 er regulert i § 6-13 og rekkjefølge for inntak til vg1 er regulert i § 6-14.*

Fylkeskommunen skal først ta inn søkjarar som oppfyller vilkåra for inntak etter fortrinnsrett etter kapitlet her. Etter at søkjarar med rett til særskild utdanningsprogram, rett til spesialundervisning og vedtak om utvida tid er tekne inn, skal søkarar som konkurrere etter poeng, jf §6-20 og § 6-21 takast inn.

#### § 6-20 Rangering av søkarar

Dersom det til eit utdanningsprogram på Vg1 melder seg fleire søkjarar enn talet på elevplassar som fylkeskommunen tilbyr denne gruppa, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av [§ 6-21](#). Søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum.

Reguleringa av inntak til vidaregåande opplæring er fastset; det er ikkje høve til å ta inn søkarar med lågare poengsum før søkarar med høgare poengsum, der det er fleire søkarar enn plassar. Viken fylkeskommune har i si lokale forskrift under kap 3 eit punkt under «Unntak frå nærskuleprinsippet» som viser til Opplæringslova § 3-1:

*Oppfyllelse av opplæringslovens § 3-1 uten urimelig lang reisevei*

*Et begrenset antall av plassene ved alle ordinære utdanningsprogrammer/programområder ved alle skoler disponeres av fylkeskommunen etter andre inntaksrunde, for å sikre at flest mulig søkere skal få oppfylt retten til ett av tre utdanningsprogram uten at reiseveien mellom hjem og skole blir urimelig lang.*

Paragraf 3-1 første ledd slår fast den lovfesta retten at «ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring.

§ 3-1 i opplæringslova seier derimot ikkje noko om reiseveg.

Fylkesdirektøren si juridiske vurdering er at det ikkje er heimel for å velje den løysinga som Viken fylkeskommune har gjort. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med Viken fylkeskommune og dei opplyser at denne bestemminga i den lokale forskrifta går ut no med innføring av nasjonal inntaksordning.

### Vedtakskompetanse


Fylkestinget har bede om saka og har vedtakskompetansen.

### Konsekvensar av elevutviklinga i fylket

For at flest mogeleg skal få tilbod om skuleplass på vg1 i nærskuleområde dei høyrer til, må kapasiteten vere best mogeleg tilpassa søkargrunnlaget.

I den årlege politiske saka om opplæringstilbodet er elevutviklinga eit viktig element i vurderinga av plassbehovet, og hausten 2020 vart behova for første gong vurdert for kvart nærskuleområde. Ein konsekvens blei auke i tal plassar i stor-Bergen.

SSB sin prognose for tal 16-18-åringar i Vestland viser (middelverdi), for åra fram til 2027, vekst i kommunane definerte som nærskuleområde 3, stor- Bergen. I resten av fylket viser prognosen først nedgang, så svak vekst. Dette er resultat av sentraliseringa vi har sett over lang tid. Dette er pre-korona åtfærd og vi vil kunne sjå noko reversering av flytting mot større byar, men uansett vil det truleg ta tid før motstraumen omfattar elevar i vidaregåande opplæring.



Figur 1 SSB,

Framskrive folkemengd 1. januar 2020, alternativ MMMM, Endringar i tal 16-18 åringar. Blå søyler er kommunane i stor- Bergen, raude søyler er resten av fylke.

Figuren viser behov for auke tal skuleplassar i stor-Bergen dei næraste åra og samtidig reduksjon i fylket elles. I arbeidet med opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vart kapasiteten i nærskuleområde auka, for i større grad å kunne gje søkarane tilbod i eige nærskuleområde. Framskrive auke på 212 16-18-åringar i 2022, betyr ein auke på 60-70 søkarar frå grunnskulen i forhold til 2021. Tala frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) syner ein auke på 60 avgangselevar i stor-Bergen.

Skulane i og rundt Bergen sentrum er så godt som heilt fulle. Fylkesdirektøren viser til oppretting av vg1 elektro og datateknologi ved Askøy vgs, fordi det ikkje var skular som kunne handtere ei ekstra klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk eller vg1 teknologi og industrifag.

Det er fleire nye vidaregåande skular under bygging/ planlegging:

- Askøy vgs er planlagt ferdig til skuleåret 2024/25- med lik kapasitet
- Laksevåg og Bergen maritime vgs er planlagt ferdig til skuleåret 2025/26. Her er det ikkje planlagt for auka kapasitet ut over kva dei to skulane før samanslåinga.
- Sotra vgs er i planfasen og er planlagt ferdig til skuleåret 2027/28. Her er det rom for å tilpasse rom og funksjonsprogram.

Kapasiteten i stor-Bergen vil soleis ikkje bli utvida gjennom nybygg dei første åra, ein må difor leite etter løysingar i eksisterande skulebygg i nærskuleområdet.

Fylkestinget sitt vedtak om å vurdere ein garanti basert på faktisk reisetid vil kunne få konsekvensar for tilboda ved fleire skular. Dersom t.d. reisevegen mellom skulane Sotra og Osterøy, begge i nærskuleområde 3 stor-Bergen, blir vurdert som for lang vil konsekvensen kunne bli behov for å opprette fleire klassar der reiseveg blir akseptabel for søkarar frå begge «endane». Det vil i dette tilfelle vere i Bergen sentrum, med den sentraliserande effekten det vil kunne ha på søkarstraumen.

### Vurderingar

Saka om reisetidsgaranti frå februar bygde på inntaket til skuleåret 2020/21. Ei av oppsummeringane kring vidareføring av søkarane var at dette først og fremst var ei problemstilling i stor-Bergen. I tilrådinga frå fylkesdirektøren stod det at ein ville hente erfaringar frå inntaket til inneverande skuleår (2021/22) for å vurdere kva effektar ny lokal forskrift har hatt på tal vidareførte.

Grunnlagstala for å samanlikne 2021/22 med 2020/21 er ikkje heilt dei same, men som avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse presenterte i møte 10. august er det framleis i stor-Bergen vidareføring er ei problemstilling av noko omfang.

I saka «Evaluering av nærskulemodellen» har fylkesdirektøren gjort greie for omfanget av vidareføring i nærskuleområde stor-Bergen til skuleåret 2021/22 samanlikna med 2020/21:

«Vidareføringa til 21/22 samanlikna med 20/21 syner ein nedgang total nedgang på 25 søkarar, men den største forskjellen er nedgangen i søkarar som måtte vidareførast til skular i andre nærskuleområde:

vg1	20/21	21/22
totalt vidareført	92	67
Til skule utanfor stor-Bergen	45	6

Tabellen syner vidareføring i stor-Bergen

Reduksjonen i tal søkarar som måtte få tilbod om skuleplass utanfor nærskuleområde skuldast utvidinga av kapasiteten i stor- Bergen med 5 klassar på vg1.

Den auka kapasiteten i stor-Bergen reduserte omfanget av vidareføring, men framleis var det behov for å nytte ledig kapasitet ved andre skular enn søkt til for å kunne gje alle søkarane tilbod på eit av tre søkte utdanningsprogram.

Også i dei andre nærskuleområda var det behov for å vidareføre enkeltelevar, men i mykje mindre omfang også i prosent av søkartal.

Kapasiteten på vg1 i nærskuleområdet stor-Bergen vart monaleg auka til skuleåret 2021/22. Dette vart gjort for å sikre at fleire søkarar innan nærskuleområdet stor-Bergen fekk eit tilbod dei hadde søkt på. Ein positiv effekt av opprettinga er at færre søkarar får tilbod som gjer at dei må reise lengre. Samstundes legg ein auke i tal klassar på yrkesfag monaleg press på skulane i eksisterande skulestruktur. Yrkesfaglege tilbod er ofte areal- og utstyrskevande, noko som gjer at fleksibiliteten til å auke klassar i skular som tilbyr yrkesfag kan vere krevjande.

### Økonomi:

Tilrådinga har ingen økonomiske konsekvensar

**Klima:**

Tilrådinga har ingen konsekvensar.

**Folkehelse:**

Tilrådinga har ingen konsekvensar.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tilrådinga har ingen konsekvensar.

**Oppsummering**

Fylkestinget bad administrasjonen utgreie moglegheiten for å innføre ein reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid og ikkje inntaksområde. Målet er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.

Fylkesdirektøren har vist til korleis auka kapasitet i opplæringstilbodet i stor-Bergen har gitt mindre behov for vidare søking, både totalt og ut av nærskuleområdet.

Bruk av ordet reisetidsgaranti vil bli oppfatta som ein tydeleg rett for søkarane og svært bindande for fylkeskommunen. Konsekvensen av at alle ha skal ha garanti om plass med mindre enn 1,5 t reiseveg kan bli store. Fylkeskommunen vil i ein del tilfelle måtte opprette fleire klassar for å gje plass til dei siste søkarane, men utan at klassen nødvendigvis vil ha tilstrekkeleg søkargrunnlag for nå oppfyltingskravet. Samtidig vil desse nye klassane ta deler av søkargrunnlaget frå andre klassar som dei tidlegare ville blitt vidare søkt til, og soleis gjere at fleire klassar blir sett i gang med lågt elevtal eller vurdert ikkje starta opp.

Som vist i saksutgreiinga er det heller ikkje heimel i lovverket for å setje av enkeltplassar i tilboda som er reservert for ulike søkarar. Unntaka er gjort greie for i Forskrift til opplæringslova § 6-14. Om ein garanti trer i kraft vil det også utfordre skulestrukturen særleg i stor-Bergen. I alle tilfelle betyr det at fylkeskommunen truleg må overdimensjonere opplæringstilboda for at alle søkarane skal ha tilbod om plass innanfor ein gitt reisetid.

Fylkesdirektøren kan heller ikkje i denne saka tilrå at det blir innført ein garanti for maksimal reisetid. Fylkesdirektøren vil fortsetje å arbeide for å finne best mogelege løysingar for søkarane som ikkje får tilbod ved ein skule dei har søkt slik at reisevegen ikkje blir lengre enn absolutt nødvendig.